

GISKE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi: Ordfører, rådmann, kommunerevisjon

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Tysdag 14.05.2019 kl. 13.00 på Giske rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 10/19 Godkjenning av møtebok frå møte 19.03.2019
- Sak 11/19 Årsmelding 2018 Giske kommune.
- Sak 12/19 Årsrekneskap 2018 Giske kommune.
- Sak 13/19 Årsmelding 2018 Giske kontrollutval.
- Sak 14/19 Oppfylging av sak 6/19, prosjektplan for forvaltningsrevisjon.
- Sak 15/19 Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune – sak utsatt frå forrige møte.

Eventuelt

Gunnar Morsund  
leiar  
(sign.)

## Sak 10/19 Godkjenning av møtebok frå møte 19.03.2019

KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE

### MØTEBOK

Møtedato: 19.03.2019 kl.13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Gunnar Morsund.

Elles til stades: Dag Oksnes, Arnfinn Rune Giske, Anne Lise Hessen Følsvik og Karin

Kalvø Giske.

**= 5 voterande**

Frå administrasjonen møtte rådmann Marianne Stokkereit Aasen, kommunalsjef Lene Bjørlo Overå, økonomisjef Ann Kristin Thu, økonomikonsulent Lillian Breivik og einingsleiar Greta Giske under sakene 07/19, 08/19 og 09/19.

Ordførar Harry Valderhaug deltok i heile møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes, Svein Ove Otterlei og konstituert dagleg leiar Kurt Løvoll.

Det var ingen merknader til innkallinga. På sakslista blei det samrøystes vedteke å føre opp 2 nye saker; sak 8/19 Orientering om tilsynsførar i fosterheimar og sak 9/19 Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune.

Kontrollutvalet bestemte å handsame sakene i følgjande rekkefølge:

Sak7/19, 8/19, 9/19, 6/19,5/19

**Sak 05/19 Godkjenning av møtebok frå møte 26.02.2019**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå 26. februar 2019 vart godkjent.

---

**Sak 06/19 Diskusjon om val av tema og oppstart av forvaltningsrevisjon.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. mars 2019.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval ber om ei projektskisse på områda offentleg innkjøp og investeringsbudsjett som grunnlag for val av forvaltningsrevisjon på neste møte.

---

**Sak 07/19 Orientering om Giske kommune sitt høve til Stiftinga Alnes Fyr v/rådmann.**

Kontrollutvalet fekk ei orientering av økonomisjef Ann Kristin Thu og økonomikonsulent Lillian Breivik. Denne orienteringa omfatta historikk, prosjektrekneskap og ymse avtalar.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval tek orienteringa til vitande. Kontrollutvalet forventar at kommunestyret blir gjort kjent med stoda mellom Giske kommune og Stiftelsen Alnes Fyr.

---

**Sak 08/19 Orientering om tilsynsførar rolla i Giske kommune.**

Kontrollutvalet fekk ei oppdatering av einingsleiar Greta Giske i tråd med sak 17/18.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
2. Kontrollutvalet fekk opplyst at barnevernet er på veg til å nå målet om full dekning av tilsynsførarar innan barnevernet.
3. Kontrollutvalet ønskjer å bli halden orientert om stoda i Giske barnevern og særskild lukking av avvik.

**Sak 09/19    Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune.**

Kontrollutvalet valde å utsetje saka til neste møte slik at rådmann kan førebu ei orientering kring rutinar i kommunen knytt til journalføring. Utsetjinga var samrøystes.

---

Møtet vart slutt kl. 15.30

Gunnar Morsund  
Leiar  
(sign.)

Dag Oksnes  
Nestleiar  
(sign.)

Arnfinn Rune Giske  
Medlem  
(sign.)

Karin Kalvø Giske  
Medlem  
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik  
Medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 07.05.2019

**SAK 11/19**  
**ÅRSMELDING 2018 – GISKE KOMMUNE**

Som elektronisk vedlegg følger:

Årsmelding 2018 – Giske kommune <http://arsrapport.giske.kommune.no/2018/>

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Giske kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 07.05.2019

**SAK 12/19  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2018 – GISKE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2018 – Giske kommune
2. Giske kommune - kommunerekneskapen 2018 – elektronisk link til <http://arsrapport.giske.kommune.no/2018/>

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale :**

Giske kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## Sak 13/19 Årsmelding 2018 for Giske kontrollutval.

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **vedtak:**

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 7. mai 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Giske kontrollutval.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutval sekretariat

# GISKE KONTROLLUTVAL

## ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2018

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rolla si. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2018 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2015 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Gunnar Morsund  
Nestleiar: Dag Oksnes  
Medlem: Anne Lise Hessen Følsvik  
Medlem: Arnfinn Rune Giske  
Medlem: Karin Kalvø Giske



## *Aktiviteten i året*

Kontrollutvalet har hatt 4 møte i 2018 og behandla 24 saker. Dette er ein høgare aktivitet enn forrige år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp fleire saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen. Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Vidare har kontrollutvalet arbeidd med plan for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll av ÅRIM og fleire orienteringar om status i barnevernet i Giske kommune. Kontrollutvalet har også hatt fokus på tilsynsførarrolla i barneverntenesta, og orientering om stoda for ROP (rus og psykiatri) pasientar i pleie- og omsorgstenesta. Kontrollutvalet har også fått ymse orienteringar knytt til skiping av nytt kommunerevisjonsselskap.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

Gunnar Morsund  
Leiar  
(sign.)

Dag Oksnes  
Nestleiar  
(sign.)

Arnfinn Rune Giske  
Medlem  
(sign.)

Karin Kalvø Giske  
Medlem  
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik  
Medlem  
(sign.)

## **Sak 14/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon.**

*Vedlegg: forslag til prosjektplan frå Kommunerevisjon 3, datert 6. mai 2019*

### **Bakgrunn:**

Frå møteboka til Giske kontrollutval:

## **Sak 06/19 Diskusjon om val av tema og oppstart av forvaltningsrevisjon.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. mars 2019.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval ber om ei projektskisse på områda offentleg innkjøp og investeringsbudsjett som grunnlag for val av forvaltningsrevisjon på neste møte.

---

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå Svein Ove Otterlei ved Kommunerevisjon 3. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Kontrollutvalet i Giske kommune bør derfor vedta forslag til plan og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

### **Innstilling til vedtak:**

Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt i Giske kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

6. mai 2019

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Gjennomgang av investeringsprosjekter i Giske kommune

#### PROSJEKTPLAN

I sak 06/19 den 19. mars 2019 under ei sak om diskusjon om val av tema og oppstart av forvaltningsrevisjon, bad kontrollutvalet om ei prosjektskisse på områda offentleg innkjøp og investeringsbudsjett.

Vi skal innleiingsvis gi eit oversyn over nokre store investeringsprosjekt i Giske kommune for åra 2015 til 2018.

	2015	2016	2017	2018	Sum
6006 TEKNISKE ANLEGG OKSNES	6 169 332	10 768 010	7 056 827	881 518	24 875 686
6343 LEIDN.ANLEGG V/GJERDEHAVNA	27 144	210 449	3 001 174	9 314 177	12 552 945
6383 FORNYING LEIDNINGSANLEGG	1 555 103	4 555 456	971 636	4 809 578	11 891 773
6007 LØKEVEGEN M/LEIDN.ANLEGG	5 249 263	5 196 407	0	32 323	10 477 992
6371 LEIDNINGSANL/PUMPEST. ALNES	199 674	19 200	6 688 339	1 325 752	8 232 965
6154 GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	339 228	868 428	433 272	4 730 429	6 371 357
6381 MINDRE LEIDNINGSANLEGG	628 235	1 385 619	2 469 703	674 603	5 158 160
6370 SLAMAVSK./UTSLEPP ALNES	287 340	0	4 521 026	-1 196 010	3 612 357
5555 GANGVEG/LEIDNING GJØSUND - FLYPLASSEN	1 653 996	1 244 460	0	0	2 898 457
6325 SLAMAVSKILLAR/UTSLEPP KRINGKASTAR	0	0	139 145	2 069 658	2 208 803
6307 OVERFØRING BLOMVIK - OKSNES	0	0	452 546	1 253 049	1 705 595
6201 MINDRE VEGANLEGG	151 545	686 449	-127 609	991 978	1 702 363
6057 GANGV. VIGRA SKULE - MARG.VEGEN	1 362 426	20 505	0	21 897	1 404 828
5605 SKULEVEGEN GISKE	0	179 700	547 634	633 332	1 360 666
6369 AVLØP VEST FOR GODØY SKULE	396 820	767 919	0	0	1 164 740
6005 GANGVEG/LEIDNINGAR SÆTRA	456 076	0	254 766	1 153	711 995

Tabellen ovanfor listar ikkje opp alle store investeringsprosjekt. Den er meint å illustrere nokre prosjekt som det kan vere aktuelt å sjå på i dette forvaltningsrevisjonsprosjektet.

### 1. PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet vil bli avgrensa til ein gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt innan vatn, avløp og vei for perioden 2015 til 2018, og vil ha følgjande problemstillingar:

#### Problemstilling 1: Investeringsbudsjett

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet. Herunder:

- a) Kostnadsoverslag som grunnlag for budsjettvedtak
- b) Oppstart med prosjektorganisering, roller og ansvarstilhøve
- c) Planlegging med framdriftsplan og risikoanalyse
- d) Oppfølging med kostnadsprognoser og rapportering
- e) Avslutning med prosjektrekneskap, arkivering og evaluering

## Problemstilling 2: Offentlege innkjøp

Har Giske kommune tilfredstillande system og rutinar som sikrar at innkjøpa i eit investeringsprosjekt er gjenstand for:

- a) Planlegging?
- b) Konkurransgjennomføring?
- c) Kontraktsoppfølging?

## 2. REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for alle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data blir vurdert opp mot. Desse skal vere grunnleggjande, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon. Ein kan også leggje til grunn det ein må tru at det ikkje er usemje om.

Kommunelova legg ansvaret for at kommunen er gjenstand for ein trygg kontroll til rådmannen, jmf. § 23-2. Det inneber at rådmannen må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd. Vi viser til COSO-rammeverket som ein etablert norm for styring og kontroll.

I tillegg til dette, vil vi i ta utgangspunkt i kommunelova § 46, NS-ISO 21500:2012 *Veiledning i prosjektledelse*, Difi sin prosessmodell, samt regelverket for offentlege anskaffingar. Delar av NS-ISO 10006:2017 *Kvalitetsledelse – Retningslinjer for kvalitetsledelse i prosjekter*, kan også vere aktuell.

### Problemstilling 1: Investeringsbudsjett

Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og på kva måte dei skal bli nytta i budsjettåret, jmf. kommunelova § 46 nr. 1. I same paragraf nr. 3 går det fram at årsbudsjettet skal vere realistisk og fastsett på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret. Dette gjeld både driftsbudsjettet og investeringsbudsjett, slik at investeringsbudsjettet er eittårig.

Norsk Standard har gitt ut ein internasjonal standard NS-ISO 21500:2012 *Veiledning i prosjektledelse* som beskriv dei prosesser som er å sjå på som god praksis innanfor prosjektleiing. Standardane angir at den kan nyttast av alle organisasjonar, offentlege, private eller frivillige, og for alle prosjekter uavhengig av kompleksitet, størrelse og varighet.

Prosessane som det er referert til ovanfor, er gruppert i prosessgrupper og kunnskapsområder, og standarden har i alt 39 prosesser som blir tilrådd.


NS-ISO 21500:2012 tilrår mellom anna at det blir utarbeidd eit kostnadsoverslag, der det også blir lagt til reserver som skal handtere identifisert risiko.

Vår inndeling frå b) til e) følger til ein viss grad standarden sine hovudkategoriar av prosessgruppene. Nokon av standarden sine tilrådingar vil bli konkretisert i rapporten.

## Problemstilling 2: Offentlege innkjøp

Difi sin prosessmodell for gjennomføring av ei offentlig anskaffing er inndelt i 3 fasar:

- Avklare behov og forberede konkurransen
- Konkurransgjennomføring
- Kontraktsoppfølging



Figuren viser at høvet til å påverke er størst tidleg i prosessen, då det er i denne fasen at premissane og føringane blir lagt. Det hjelper ikkje kor god kommunen er seinare i prosessen, om dei bommar innleiingsvis. Difi angir at det også er viktig å gjennomføre sjølve konkurransen i marknaden profesjonelt, og ikkje minst følgje opp om kommunen får dekkja dei behov og når dei resultat ein har inngått kontrakt om.

Det er eit vist samnfall mellom Difi og NS-ISO 21500:2012. Der sistnemnte har anskaffingar som eit eige kunnskapsområde og peikar på prosessane: *Planlegge anskaffelser*, *Velge leverandør* og *Administrere anskaffelser*.

### 3. METODE OG GJENNOMFØRING

Det å ha rutinar er nødvendig for å sikre at kommunen overheld eit regelverk, men det er ofte ikkje tilstrekkeleg å berre ha nedfelte rutinar. I tillegg til ei rutine, må ein også ha ei oppfølgingsprosedyre som sikrar at rutinen blir følgt. Ein del av prosjektet blir å identifisere denne formelle eller uformelle prosedyren.

Prosjektet vil bli gjennomført i samsvar med følgande framdriftsplan:

- Oppstartsmøte med rådmann
- Gjennomgang av rutinar og dokument som vedkjem investeringsprosjekt
- Gjere eit utval av investeringsprosjekt og gjennomgå rekneskapen for desse
- Intervju med personar med ansvar for gjennomføring av investeringsprosjekt
- Utarbeiding av rapport
- Sluttmøte med rådmann

Det er vår vurdering at dette skal gi eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane ovanfor.

### 4. TIDSPLAN

Prosjektet inneheld førebuingar, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Ein tek sikte på eit oppstartsmøte med rådmannen i juni 2019.

Eit høringsutkast til rapport er planlagt å ligge føre i november 2019. Det er vanlegvis ein høringsperiode på tre veker etter dette.



Svein Ove Otterlei  
oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

**Sak 15/19    Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune – sak utsatt frå forrige møte.**

*Bakgrunn: frå Giske kontrollutval si møtebok 19. mars 2019*

**Sak 09/19    Praktisering av forvaltningslova § 11, d) krav om journalføring i Giske kommune.**

Kontrollutvalet valde å utsetje saka til neste møte slik at rådmann kan førebu ei orientering kring rutinar i kommunen knytt til journalføring. Utsetjinga var samrøystes.

---

Kontrollutvalet ynskjer å få ei orientering frå rådmann på korleis Giske kommune praktiserer reglar for både offentlegheit, meiroffentlegheit og journalføring. Giske kontrollutval er opptatt av at innbyggjarane får best mogleg innsyn i dei sakene som vert handsama og elles ha god tilgang til informasjon og korrespondanse. At ein likevel med heimel i lov må unnta enkelte saker, knytt til mellom anna personar eller forretningsdrift, er sjølv sagt.

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram i ovanstående orientering og som no er forventa å verte nærare belyst i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming. For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærare orientering frå rådmann.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS